



Til
NVE

Sand 20.10.2016

Uttale: Søknad om overføring av Vestre Melraktjødn til Heimre Flogvatn, Sirdal kommune

Villreinnemnda behandla saka 18.oktober 2016. Uttale og saksframlegg ligg vedlagt.
Brev blir berre sendt elektronisk.

Me gjer merksam på at NVE la søknaden ut på høyring med frist den 30.01.16. Villreinnemnda
fikk ikkje saka på høyring, noko NVE oppdaga når me blei invitert på synfaring 9.september.
NVE ved Oda Bjærke har gitt utsett høyringsfrist for Villreinnemnda.

Med helsing

Jarle Lunde
Sekretær

Kopi
Sirdal kommune
Fylkesmannen i Agder
Vest Agder Fylkeskommune



Sak 21/16

Uttale: Søknad om overføring av Vestre Melraktjødn til Heimre Flogvatn, Sirdal kommune

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	18.10.16	Jarle Lunde
Villreinnemnda i Setesdalområdet	18.10.16	Jarle lunde

Bakgrunnsdokumentasjon


- [Konsesjonssøknad med vedlegg, høringsuttalar](#)

Bakgrunn

Sira-Kvina kraftselskap søker om løyve til å overføre vatn frå Vestre Melraktjødn til Heimre Flogvatn i Sirdal kommune for å nytta vatnet i Kvinen og Solhom kraftverk. Overføringa vil auke produksjonen av regulerbar kraft i desse kraftstasjonane med til saman 7,7 GWh.

NVE la søknaden ut på høyring med frist den 30.01.16. Villreinnemnda fikk ikkje saka på høyring, noko NVE oppdaga når me blei invitert på synfaring 9.september. Anita Haugen representerte nemnda på synfaringa og me har fått utsett høringsfrist.

Vatnet skal etter planen overførast i eit inntak i Vestre Melraktjødn til Heimre Flogvatn via en ca. 800 meter lang tunnel og 20 meter nedgravd røyr under Brokke-Suleskardvegen. Det er ikkje planar om bygging av nye kraftverk eller nye reguleringar i samband med denne utbygginga.



Tiltaksområde



Stad for demning i enden av Vestre Melraktjødn. Foto: Anita Haugen



Stad for tunnelinntak, Vestre Melraktjødn. Foto: Anita Haugen



Påhuggstad, Heime Flogvatn. Foto: Anita Haugen



Statskog sitt forslag til stad for bruk av tunnelmasse, som utjamning av vegskråning og bruk som trekkveg. Foto: Anita Haugen

Vurdering

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Internasjonalt ansvar

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I dag utgjer villreinen i Norge siste rest av denne arten i Europa, og stammen i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei er den sørlegaste førekomsten. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein aukande fragmentering av villreinen sine leveområde, ikkje minst i dei nemnde områda.

Tiltaket, landskapsvernområde og Heiplanen

Området grenser opp mot Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

I 2013 blei regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) godkjent der omsynet til villreinen står sentralt. Utbyggingsområdet ligg innafor grensene som er sett for nasjonalt villreinområde (NVO). I denne omsynssona skal «skal villreinens interesser tillegges stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling».

Villreinen i området

Setesdal Vesthei er frå naturen si side eit marginalt villreinområde med særleg avgrensa tilgang til vinterbeite. Eit anna særpreg er ei rekkje tyngre naturinngrep som har bidrege til ei vesentleg fragmentering av området.

Området blir nytta til beite i ulikt omfang. I periodar med liten bestand, nyttast området i liten grad, noe som har vore ein tendens dei seinare år. Det pågår for tida eit nytt femårig villreinprosjekt i Setesdal-Ryfylke der eit overordna mål er å auke villreinen sin bruk av villreinområda.

Jamfør konsekvensanalysen blir området i hovudsak nytta til vinterbeite. Data frå GPS-prosjektet viser at bukkar også nyttar området vår og sommar.

Mellom Melraktjødnane, og sør for Vestre Melraktjødn, går det eit villreintrekk frå landskapsvernområdet sørvestover til vestsida av Heimre Flogvatn. Herfrå går trekket vidare sørover i retning Hilleknuten. Dette trekket er registrert i Miljødirektoratet sin naturbase, men er ikkje rekna som hensynssone for trekk i Heiplanen. Det er likevel viktig å ta hensyn til potensielle trekkruiter for villreinen.



Trekkvei for rein i prosjektområdet (brun strek). Rød strek viser den planlagte overføringa. Frå søknaden.

Konsekvensar

Ulike typar inngrep og forstyringar gjer villreinen sine leveområde stadig mindre og meir oppdelt. Eit inngrep kan isolert sett virke skånsamt og lite, men totaliteten med ein bit for bit utbygging kan vere stor.

I Heiplanen sine retningslinjene for Nasjonalt villreinområde heiter det om temaet kraft:

Nye eller utvidelse av eksisterende kraftanlegg eller kraftlinjer bør unngås. Unntak kan gjøres for tiltak som ikke innebærer vesentlig negativ betydning for villreinen. Disse vurderingene forutsettes avklart gjennom konsekvensutredninger etter relevant lovverk.

Overføringa vil medføre arealbeslag ved at det blir bygd ein sperredam i utløpet av Vestre Melraktjødn (nordre del), ein inntakskonstruksjon i utløpet (søndre del) og ca. 40 m nedgravd vassveg som skal gå frå utløpet av tunnelen, under Suleskardveien og ut i Heimre Flogvatn.

Inngrep og driftsfase: Villreinen reagerer generelt lite på faste installasjonar. Då vatnet ikkje blir regulert vil Vestre Melraktjødn i framtida bli islagt som i dag. Totalt sett har inngrepa i seg sjølv, slik sekretæren ser det, eit lågt konfliktpotensial.

Då det ikkje vil bli lagt noko veg i samband med utbygginga vil det ikkje bli auka ferdsel i området som kan påverke villreinen. Tiltaket vil innebere eit minimalt tilsyn.

Anleggsfase: Anleggsarbeidet blir omtalt slik i Sveco sin rapport om «Konsekvenser for biologisk mangfold» (s.19):

«Anleggsarbeidet med tilhørende støy og menneskelig nærvær kan føre til stor negativ påvirkning for rein i anleggsfasen. Det er grunn til å tro at det vil bli anleggsarbeidet i området rundt Melraktjødnene som vil gi størst negativ påvirkning dersom rein oppholder seg i området. Det forutsettes at anleggsarbeidet ved Melraktjødnene blir lagt til sommerhalvåret da dyra er mindre sårbare i denne perioden, samt at det er mindre sannsynlig at de oppholder seg i dette området på sommeren».

Sekretæren støtter denne vurderinga.

Slik sekretæren ser det vil overføringa ikkje gi ei vesentleg negativ påverknad på villreinen etter at anleggsfasen er avslutta.

Kompenserande tiltak

Tiltaket er eit utvidingsprosjekt og det er naturleg å sjå det i samband med den pågåande revisjonssaka for Sira-Kvina. I samband med overføring av Melrakfeltet over Brokke-Suleskarvegen finn sekretæren det naturleg og trekke fram kompenserande tiltak som er foreslått av fleire partar i revisjonshøyringa, og som gjeld utbetring av vegen for å kunne gjere det lettare for villreinen å passere under trekket. Dette gjeld på fleire strekningar på fjellovergongen, mellom anna nær tiltaksområde.

Vegbanen i seg sjølv kan utgjere ei barriere, men dei mange strekningane med autovern og/eller bratte vegskjeringar utgjer eit ennå sterkare hinder. Fjerning av autovern der dette er mogleg (eller byte med stabbestein) vil kunne betre forholda for villreinen. Det vil og utfylling og utjamning av vegskjeringar som er så bratte at villreinen ikkje vil krysse.

Ein bør greie ut kor ein best kan gjere slike tiltak. I samband med tunnelboring i det aktuelle prosjekt bør ein kunne nytte tunnelmassane til utjamning av vegskjeringar. På synfaring 29.september blei det av Statskog foreslått ein konkret stad for utjamning.

Forslag til uttale

Villreinnemda meiner ei overføringa ikkje vil gi ei vesentleg negativ påverknad på villreinen etter at anleggsfasen er avslutta. I utbyggingsperioden forutsetter villreinnemda at arbeidet blir gjennomført i sommarhalvåret slik at ein unngår å uroe dyra unødig om vinteren når dyra er mest sårbare.

Det er naturleg å sjå på overføringa av Melrakfeltet i samband med revisjonsaka for Sira-Kvina. Eit kompensierende tiltak for villreinen som er foreslått av fleire partar, og som er nærliggande å trekka fram i samband med aktuell overføring, er utbetring av fleire strekningar på Brokke-Suleskarvegen slik at den utgjer ein mindre barriere for villrein under trekket. Ein bør greie ut kor ein best kan gjere slike tiltak.

Bruk av tunnelmassar frå utbygginga bør kunne nyttast til eit slikt tiltak.

Villreinnemda syner elles til saksutgreiinga.

Saksprotokoll, arbeidsutvalet i villreinnemda

Det blei lagt fram endringsforslag som blei samrøystes vedteke.

Framlegg til uttale

Inngrep og forstyrningar har gjort villreinen sitt leveområde stadig mindre og meir oppdelt. Dette gjeld ikkje minst i Setesdal Ryfylke. Ein må unngå at ein bygger ned villreinen sitt leveområde bit for bit.

Overføringa av Vestre Melraktjødn vil vere eit nytt inngrep i villreinområde. Villreinnemda meiner likevel at overføringa ikkje vil gi ei vesentleg negativ påverknad på villreinen etter at anleggsfasen er avslutta. I utbyggingsperioden forutsetter villreinnemda at arbeidet blir gjennomført i sommarhalvåret slik at ein unngår å uroe dyra unødig om vinteren når dyra er mest sårbare.

Eit kompensierende tiltak for villreinen som er nærliggande å trekka fram i samband med aktuell overføring, er utbetring av fleire strekningar på Brokke-Suleskarvegen slik at den utgjer ein mindre barriere for villrein under trekket. Ein bør greie ut kor ein best kan gjere slike tiltak. Bruk av tunnelmassar frå utbygginga bør kunne nyttast til eit slikt tiltak.

Saksprotokoll, Villreinnemda for Setesdalområdet

Per Øyvind Grimsby (Sirdal) var inhabil og fråtrede under behandlinga. Anita Haugen var innkalla som vararepresentant.

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Uttale

Inngrep og forstyrningar har gjort villreinen sitt leveområde stadig mindre og meir oppdelt. Dette gjeld ikkje minst i Setesdal Ryfylke. Ein må unngå at ein bygger ned villreinen sitt leveområde bit for bit.

Overføringa av Vestre Melraktjødn vil vere eit nytt inngrep i villreinområde. Villreinnemda meiner likevel at overføringa ikkje vil gi ei vesentleg negativ påverknad på villreinen etter at anleggsfasen er avslutta. I utbyggingsperioden forutsetter villreinnemda at arbeidet blir gjennomført i sommarhalvåret slik at ein unngår å uroe dyra unødige om vinteren når dyra er mest sårbare.

Eit kompensierende tiltak for villreinen som er nærliggande å trekka fram i samband med aktuell overføring, er utbetring av fleire strekningar på Brokke-Suleskarvegen slik at den utgjer ein mindre barriere for villrein under trekking. Ein bør greie ut kor ein best kan gjere slike tiltak. Bruk av tunnelmassar frå utbygginga bør kunne nyttast til eit slikt tiltak.